

Overordna beredskapsplan for Sula kommune

Etablert: mars 1999. Sist vedtatt i K-styret 11.02.2016. Siste større revisjon var september 2017. Det er no gjennomgang og revisjon av planen årleg. Mindre oppdateringar blir tatt ved behov og sist oppdatert februar 2025.

Siste versjon av planen er alltid tilgjengeleg på kommunen si heimeside og i kommunen sitt kvalitetssystem.

Ansvar: Beredskapskontakt

Sula skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønskte hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønskte hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.

Innhald

I. INNLEIING	3
1. Generelt	3
2. Kommunen sine oppgåver	3
3. Plan for kriseleiing i kommunen	4
II. Plan for kriseleiing	5
1. Samansetning av kriseleiinga	5
2. Kriseleiinga sine oppgåver	5
3. Fullmakter	5
4. Varsling / innkalling av kriseleiinga	5
5. Etablering og organisering	6
III. Plan for evakuering, forpleiing og innkvartering. Etablering av evakuertesenter og pårørandesenter	7
IV. Plan for krisekommunikasjon	9
V. Plan for innbyggjarvarsling	10
Vedlegg	11
Vedlegg 1: Varsling og varslingsmottak	11
Vedlegg 2: Evakueringsstadar, matleverandørar, transport	13
Vedlegg 3: Skjema for registrering av evakuerte og pårørande	15
Vedlegg 4: Mal situasjonsrapport	17

I. INNLEIING

1. Generelt

Lovheimel for beredskapsarbeidet er [Sivilbeskyttelseslova av 25.juli 2010](#) og [Forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22.august 2011](#)

Katastrofar, alvorlege ulykker og svikt i samfunnsviktige funksjonar avslører ofte at samfunnet ikkje er godt nok førebudd på å handtere vanskelege situasjonar tilfredsstillande. Sjølv mindre hendingar resulterer ofte i vesentlege tap for menneske eller verksemder og skade på miljøet. Med enkle midlar vil ein kunne unngå mange slike situasjonar.

Overordna beredskapsplan bygger på overordna ROS (risiko og sårbarheitsanalyse) og skal sikre at tverrsektoriell handtering av uønska hendingar er samordna. Den overordna beredskapsplan skal vidare vere samordna med andre relevante krise- og beredskapsplanar.

Oversikt over andre relevante beredskapsplanar i kommunen:

- Pandemiplan
- Smittevernplan
- Atomberedskapsplan
- Beredskapsplan for vassforsyning
- Beredskapsplan for Sula kommune i høve flodbølger ved fjellskred frå Åkerneset eller Heggurdsaksla i Storfjorden

Rutinar ligg tilgjengeleg i kvalitetsstyringssystemet Compilo.

2. Kommunen sine oppgåver

Eksempel på kva kommunen kan få ansvaret for å handtere i ein krisesituasjon:

- Ta hand om skadde personar
- Omsorg for personar som har vore utsett for påkjenningar
- Evakuering av personar frå eit utsett område
- Innkvartering av evakuerte, skadde og/eller redningsmannskap
- Informere om situasjonen i kommunen og gi retningslinjer
- Forpleiing eller anna forsyningsstøtte
- Sikre helsemessig trygge næringsmidlar og drikkevann
- Rette opp skadar på kommunikasjon og andre anlegg
- Opprydding, oppreinsking, avfallsdeponering og annan innsats for å verne miljøet
- Vern om kulturelle verdiar
- Helsehjelp, informasjon og råd til innbyggjarar ved sjukdomsutbrot

3. Plan for kriseleiing i kommunen

Kommuneleiinga har ansvaret for at det blir gjort beredskapsførebuingar innan dei ulike kommunale aktivitetsområda, og i tillegg eit generelt ansvar for innbyggjarane sitt ve og vel i ein krisesituasjon.

Den overordna beredskapsplanen for Sula kommune er ein samordna plan for leiinga, og vil vere eit naudsynt hjelpemiddel for at kommunen skal kunne reagere raskt og effektivt i kritiske situasjonar.

II. Plan for kriseleiing

1. Samansetning av kriseleiinga

Kriseleiinga i Sula kommune består av:

- Kommunedirektør – leiar av kriseleiinga
- Kommunalsjef helse og meistring - nestleiar av kriseleiinga
- Kommunalsjef oppvekst og kultur
- Kommunalsjef organisasjon og utvikling
- Kommunalsjef samfunn
- Beredskapskontakt
- Leiar for omsorgsberedskapsgruppa
- Prest
- Ordførar – er den som uttalar seg til media på vegne av kommunen
- Varaordførar
- Politikontakt

2. Kriseleiinga sine oppgåver

- Innhente opplysningar om situasjonen i kommunen
- Treffe vedtak om tiltak for å hindre/reducere skadar på personar, miljø og materielle verdiar
- Prioritere ressursar frå kommunen si side
- Halde kontakt med lokal redningsentral (LRS), eventuelt skadestadsleiinga, dersom LRS ikkje er etablert. Bidra til koordinert innsats med naudetatane
- Utarbeide og sende ut informasjon til innbyggjarar, media og tilsette
- Gi rapport om situasjonen i kommunen til Statsforvaltaren

3. Fullmakter

Kommunestyret gir kriseleiinga alle fullmakter som er naudsynte for å sette i verk skadeavgrensande tiltak i ein krisesituasjon eller når ei krise truar. Dette gjeld også bruk av kommunale midlar. (K-styrevedtak 18.03.2004)

4. Varsling / innkalling av kriseleiinga

Alle tilsette i kommunen skal vere orienterte om at dersom dei får kjennskap til store ulykker eller katastrofar, så skal dei straks varsle næraste overordna eller medlem i kriseleiinga.

Dersom nokon av medlemene i kriseleiinga blir merksame på noko som har hendt eller som kan hende, og som denne meiner kan krevje handling frå kriseleiinga, har kvart einskild medlem rett og plikt til å kalle saman kriseleiinga. Sjå vedlegg for varslingsliste og rutine for varsling og varslingsmottak.

5. Etablering og organisering

Kriseleiinga etablerer seg i møterom 1b på rådhuset dersom ikkje anna vert bestemt. Ved straumbrott skal dei møtast på møterom i Molvørsvegen 17 som har naudstraumsaggregat.

Organisering og krisehandtering i Sula kommune er basert på dei fire hovudprinsippa: likheitsprinsippet, ansvarsprinsippet, nærleiksprinsippet og samvirkeprinsippet.

- **Likheitsprinsippet** inneber at organiseringa i ei krise skal vere mest mogleg lik den ordinære organiseringa.
- **Ansvarsprinsippet** inneber at den instansen som er ansvarleg for eit område i ein normalsituasjon, i utgangspunktet også har ansvaret ved ekstraordinære hendingar og kriser.
- **Nærleiksprinsippet** inneber at kriser skal handterast på lågast mogleg nivå.
- **Samvirkeprinsippet** inneber at myndigheit, verksemd eller eining har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

Kriseleiinga nyttar tilsette i kommunen som stab under innsatsen. (Personar i administrative stillingar vil bli nytta i krisehandteringa ut i frå ei vurdering av kva ressursar som lettast kan frigjerast frå andre oppgåver.) Alt etter omfanget av hendinga kan kriseleiinga involvere andre tilsette i krisehandteringa. Kriseleiinga avgjer og om det skal søkjast hjelp frå Sivilforsvaret, Heimevernet, frivillige hjelpeorganisasjonar, idrettslag eller andre. (NB: Dersom lokal redningssentral (LRS) er etablert, må bruk av desse organisasjonane avtalast med LRS)

Følgjande einingar og personar må rekne med å bli involvert i kommunen si krisehandtering som støtte for kriseleiinga:

- Service og kommunikasjon har ansvar for samband, ekspedisjon og publikumskontakt også i ein krisesituasjon. Avdelinga kan bli styrka gjennom omprioritering av anna personell på rådhuset og elles.
- Organisasjon og utvikling har ansvar for støttefunksjonar mot ytre etatar og sekretariatsoppgåver for kriseleiinga. Avdelinga kan bli styrka gjennom omprioritering av anna personell på rådhuset.
- Kommunalsjef for organisasjon og utvikling er informasjonsleiar med tilsette i kommunikasjon som stedfortredar. Informasjonsleiar utpeikar andre tilsette i organisasjon og utvikling til å styrke informasjonsarbeidet ved behov.

Kommunedirektøren peikar ut ein person som loggførar for kriseleiinga. Loggføring skal skje i krisestøtteverktøyet Rayvn

III. Plan for evakuering, forpleiing og innkvartering. Etablering av evakuertesenter og pårørandesenter

Det er politiet som avgjer om innbyggjarar skal evakuerast og som leiar gjennomføringa av ei eventuell evakuering. Kommunen bistår politiet og tar særskilt ansvar for forpleiing og innkvartering av dei evakuerte. Kriseleiinga må avklare omfang og behov for støtte med politiet, samt plassering av eit evakuertesenter og evt. pårørandesenter, inkludert logistikk knytt til dette.

Kommunen si kriseleiing kan mobilisere naudsynte kommunale ressursar i ein evakueringssituasjon. Det skal etablerast eit støtteapparat for evakueringa, og kommunedirektør peikar ut ein leiar for evakueringsstøtteapparatet, fortrinnsvis ein einingsleiar i kommunen. Den lokale leiaren har fullmakt til å kalle inn kommunalt tilsette til arbeidet. Ved behov skal kommunen si omsorgsberedskapsgruppe trekkjast inn i støtteapparatet. Frivillige organisasjonar som Røde Kors bør kontaktast ved behov for ytterlegare assistanse. (sjå samarbeidsavtale med Langevåg Røde Kors og Sula kommune om beredskap)

Møre og Romsdal politidistrikt har avtale med Rica Parken Hotell i Ålesund som gjev dei høve til å rekvirere kapasitet på hotellet når ein naudsituasjon krev det.

Oversyn over aktuelle transportørar, evakueringsstadar, matleverandørar og overnattingsstader: sjå vedlegg 2

Evakuertesenter	
Aktivitet	Ansvarleg
Utnevn ein leiar for evakueringsarbeidet	Kriseleiing
Avklar omfang, plassering og logistikk med politiet/LRS	Kriseleiing
Kontakt leiar for omsorgsberedskapsgruppa og vurder i fellesskap behovet for at dei skal trekkjast inn i støttegruppa.	Kriseleiing/leiar for omsorgsberedskapsgruppa
Innkall naudsynte ressursar	Evakueringsleiar
Bistå politiet med den praktiske gjennomføringa av evakueringa ved behov	Evakueringsleiar
Sørgje for transport av evakuerte og hjelpepersonell. Oversikt over transportørar er vedlagt.	Evakueringsleiar
Klargjere mottaksstad og etablere mottaksapparat. Dersom evakueringssituasjonen ligg an til å bli langvarig, bør ein nytte evakueringsstad med overnattingsmoglegheiter.	Evakueringsleiar
Registrere dei evakuerte. Namn, bustadadresse, adresse for innkvartering, kontaktinformasjon, pårørande med tlf.nummer, og eventuelt anna, inkludert behov for medisinar, klede, toalettsaker, teknisk utstyr, o.l. Registreringsliste er vedlagt.	Evakueringsleiar
Informer dei evakuerte om det praktiske knytt til evakueringa.	Evakueringsleiar
Skjerm evakuerte mot media. All uttale til media frå kommunen sin side skal kriseleiinga/kommunikasjonsstab stå for.	Evakueringsleiar
Hald jamleg kontakt med politiet/LRS og kommunen si kriseleiing.	Evakueringsleiar
Sørgje for forpleiing.	Evakueringsleiar
Halde oversikt over kvar dei evakuerte oppheld seg dersom dei forlèt evakuertesenteret.	Evakueringsleiar

Ved behov og i dialog med politiet skal det opprettast eit eige pårørandesenter separat frå evakuerteresenteret. På same måte som ved etablering av evakuerteresenter skal kriseleiinga mobilisere naudsynte ressursar og utnemne ein leiar for arbeidet lokalt, fortrinnsvis ein einingsleiar i kommunen.

Pårørandesenter	
Aktivitet	Ansvarleg
Utnemn ein leiar for pårørandesenteret	Kriseleiing
Avklar omfang, plassering og logistikk med politiet/LRS	Kriseleiing
Kontakt leiar for omsorgsberedskapsgruppa og prest og vurder i fellesskap behovet for at dei skal trekkjast inn i støttegruppa.	Kriseleiing/leiar for omsorgsberedskapsgruppa
Innkall naudsynte ressursar	Kriseleiing/lokal leiar
Sørgje for transport av pårørande som har behov for det	Lokal leiar
Klargjere mottaksstad og etablere mottaksapparat.	Lokal leiar
Registrere dei pårørande. Registreringsliste er vedlagt.	Lokal leiar
Halde dei frammøtte informert om den pågåande situasjonen. Vurder behovet for informasjonsmøte i samråd med politiet.	Kriseleiing/lokal leiar
Skjerme mot media og publikum. All kontakt med media skal kriseleiinga/kommunikasjonsstab stå for.	Lokal leiar
Hald jamleg kontakt med politiet/LRS og kommunen si kriseleiing.	Lokal leiar
Sørgje for forpleiing	Lokal leiar
Gjenforeine pårørande og involverte. Dette skal skje på ein plass som er skjerma frå dei andre pårørande på plassen.	Lokal leiar

Ved behov skal det opprettast ein pårørandetelefon bemanna av tilsette i kommunikasjonsstaben og/eller tilsette i omsorgsberedskapsgruppa. All kontakt med pårørande skal loggførast og personopplysingar skal registrerast.

IV. Plan for krisekommunikasjon

I redningsaksjonar der det er fare for liv og helse, eller fare for tap av store verdiar, er det politiet som har informasjonsansvaret. Dette gjeld òg i saker der det er gjort lovbrøt eller det er mistanke om det.

Kriseleiinga må avklare med politiet korleis media skal handterast under ein krisesituasjon, og kva kommunen kan eller skal informere om.

Organisering av kommunikasjonsstab

I ein krisesituasjon med stort informasjonsbehov skal det opprettast ein midlertidig kommunikasjonsstab. Kommunalsjef for organisasjon og utvikling er informasjonsleiar og leiar kommunikasjonsstaben, med tilsett i kommunikasjon som stedfortredar.

Informasjonsleiar kan kalle inn naudsynte ressursar til kommunikasjonsstaben, fortrinnsvis frå service og kommunikasjon. Informasjon som kommunikasjonsstaben offentleggjer skal vere godkjent av kriseleiinga. Kommunedirektør er ansvarleg for å gi informasjon i linja. Ordførar er kommunen sitt ansikt utad og uttalar seg i media.

Kommunikasjonsstaben skal handtere telefonførespurnader og førespurnader i innbyggartorget. Ved stor telefonpågang kan delar av førespurnadane slusast til dokumentforvaltning eller andre i eininga organisasjon og utvikling.

Viktige oppgåver for informasjonsleiar og kommunikasjonsstab:

- Vurdere informasjonsbehovet og dimensjonere kommunikasjonsstaben deretter
- Avklare saman med kriseleiinga kommunen sin hovudtalsperson og i kva grad han/ho skal vere tilgjengeleg for media
- Definere kommunen sin hovudbodskap saman med kriseleiinga
- Handtere førespurnader frå innbyggjarar
- Handtere førespurnader frå media
- Oppdatere heimeside og intranett
- Førebu pressekonferanse

Sjekkliste for gjennomføring av pressekonferanse:

- Avklar tid/stad i samråd med kriseleiing.
- Send invitasjon til alle mediar samstundes med informasjon om tid/stad, tema, kven som vil delta og kontaktinformasjon til kommunikasjonsstaben.
- Førebu rommet som skal nyttast: Podium, teknisk utstyr, namneskilt på podium. Vurder registreringliste for journalistar.
- Gjennomfør formøte med dei som skal representere kommunen. Gjennomgå situasjonsbiletet. Sett dykk inn i informasjonsbehovet til media og korleis de kan møte dette. Bli einige om hovudbodskap, kven som skal uttale seg om kva, og korleis innleiing og opning for spørsmål skal gjennomførast.
- Sett av tid til enkeltintervju med hovudtalspersonen.

V. Plan for innbyggjarvarsling

God innbyggjarvarsling kan ha stor skadeførebyggjande og skadeavgrensande effekt. For å kunne nå ut til flest mogleg av innbyggjarane, og for å redusere sårbarheit, skal bruk av fleire informasjonskanalar kunne nyttast.

Brev i postkasser

Når ut til mange, men tar lang tid.

Heimeside

Framifrå verktøy for å nå ut til mange med den same budskapen. Kan oppdaterast etter kvart som situasjonen utviklar seg. Sårbart ved straumbrot. Ikkje alle innbyggjarar har internett, kanskje gjeld dette spesielt for dei mest sårbare innbyggjarane.

Nødvarsel

Nødvarsel skal brukast til å varsle befolkninga på mobiltelefon om akutte og alvorlege hendingar som truer liv og helse. I fredstid er det alltid politiet som sender ut varsel. I krig kan Sivilforsvaret også vere avsendar. Nødvarsel er eit supplement til dei kanalane som allereie brukast til å varsle befolkninga - altså eit tillegg til tyfonvarsling og politiets etablerte varslingsrutinar.

Radio

Nyttast ved budskap som det hastar å få ut. Kan og nyttast i kombinasjon med tyfonvarsel «Lytt til radio». Sivilforsvaret styrar tyfonvarslinga.

UMS befolkningsvarsling

SMS og talemelding på mobiltelefon og fasttelefon. Når ut til svært mange på kort tid. Er adressebasert og fangar opp berre dei som har telefoniabonnement knytt til ei bustadadresse i Sula.

Varsling via arbeidsgjevarar

I Sula har vi mange arbeidsinnvandrarar som ikkje beherskar norsk. I all krisekommunikasjon skal ein vere merksam på dette. Varsling via dei store arbeidsgjevarane i kommunen kan bidra til å nå ut til arbeidsinnvandrane med viktige budskap.

Bemanning på faste informasjonspunkt

Dersom all kommunikasjon ligg nede, kan vi bemanne faste informasjonspunkt der innbyggjarar kan kome å få informasjon. Desse punkta er merka med eigen skilting

Andre varslingsmåtar

Telefonoppringing, bil med høgtalar, fysisk oppsøking av bustader, annonsering i Sulaposten/andre aviser, varsling via skulane/andre kommunale einingar.

Vedlegg

Vedlegg 1: Varsling og varslingsmottak

Alle tilsette i Sula kommune

Alle tilsette i kommunen skal straks varsle næraste overordna eller medlem i kriseleiinga dersom dei får kjennskap til store ulykker eller katastrofar eller at slike kan oppstå.

I akutte situasjonar skal ein ringe dei vanlege alarmtelefonane:

Brann: 110
Politi: 112
Lege: 113

Omsorgsberedskapsgruppa:

Omsorgsberedskapsgruppa skal varsle ordførar og kommunedirektør når dei rykkjer ut på oppdrag. Varslinga kan godt skje på SMS.

Teknisk vakt:

Teknisk vakt mottar beredskapsvarsel frå Statsforvaltaren på SMS og e-post. Når slike varsel kommer utanfor vanleg arbeidstid og er tilstrekkeleg alvorleg, skal teknisk vakt ta kontakt med leiar for teknisk sektor, kommunedirektør, ordførar eller andre i kriseleiinga som vurderer om kriseleiinga skal kallast inn. Dersom avsendar ber om det, skal teknisk vakt kvittere for beredskapsvarsel på e-post, med kopi til kriseleiinga (beredskap@sula.kommune.no). I vanleg arbeidstid er det kriseleiinga som har dette ansvaret.

Vanleg arbeidstid: Kvardagar kl 8-16. Heilagdagar og offentlege høgtidsdagar inngår ikkje i vanleg arbeidstid.

Kriseleiinga

Kvar einskild medlem i kriseleiinga har rett til å kalle inn kriseleiinga og pliktar å gjere det i krisesituasjonar.

Varslingsliste: kriseleiinga

Kriseleiinga i Sula kommune			
Vikhagen Bente Glomset	Leiar - Kommunedirektør	bente.glomset.vikhagen@sula.kommune.no	95022878
Fylling Kjetil Helge	Kom.sjef helse og meistring	kjetil.helge.fylling@sula.kommune.no	95942984
Ragnhild Hanken Skjong	Kom.sjef oppvekst og kultur	ragnhild.hanken.skjong@sula.kommune.no	99738686
Sæhaug Per Vidar	Kom.sjef organisasjon og utvikling	per.vidar.sæhaug@sula.kommune.no	95757960
Agersborg Jørn	Kom.sjef samfunn	jorn.erling.agersborg@sula.kommune.no	97891484
Salen Anne Lise	Beredskapskontakt	anne.lise.engkrog.salen@sula.kommune.no	93080715
Veddeng Torunn	Einingsleiar heimetenestene	torunn.veddeng@sula.kommune.no	90171872
Barstad Anders	Sokneprest	anders.barstad@kyrkja.sula.no	90131238
Humlen Turid Kristin Sand	Ordførar	turid.kristin.sand.humlen@sula.kommune.no	90631090
Havnegjerde Bendik	Varaordførar	bendik.havnegjerde@sula.kommune.no	96908656
Straumfors Christina Celine Fleisje	Politikontakt	Christina.Celine.Fleisje.Straumfors@politiet.no	98909825

I ein krisesituasjon må ein vurdere om det er aktuelt å varsle breitt om hendinga. Til dømes:

- Politiet, sjukehus, brannvesen
- Kommunalsjefar
- Einingsleiarar
- Statsforvaltaren
- Politikarar
- Andre kommunar
- Kommunens andre tilsette
- Media
 - Sulaposten Tlf: (Odd Solnørddal): 70198654/ 70270078/ 99011831
 - Sunnmørsposten Tlf: 95 400 400
 - NRK M&R Tlf: 70 11 52 00
- Aktuelle støtteressursar, til dømes:
 - Røde kors Tlf: 701 92 335 (RK-huset) 928 34 990 (Kjell-Tore Løvold) 90512944 (Tom Pedersen)
 - Røde kors, vaktnummer Langevåg: 88 00 11 88
 - Heimevernet Tlf, Karl Anton Lorgen: 95088160/90473377/70156500
 - Sivilforsvaret Vakttelefon: 71 20 65 80

Når varsel om etablering av kriseleiing er sendt, skal kvar enkelt medlem kvittere snarast råd, og møte i møterommet i første etasje på rådhuset om ikkje anna er avtalt, eventuelt informere om når ein kan vere der. Ved evt. lengre straumbrot, skal kriseleiinga møtast på møterom i Molværsvegen 17.

Med unntak av politikontakt og sokneprest mottar alle medlemmar i kriseleiinga beredskapsvarsel frå statsforvaltaren. Alle medlemmar kan kvittere på mottatt varsel på e-post, med kopi til beredskapsadressa (beredskap@sula.kommune.no) for å unngå dobbelkvittering. I vanleg arbeidstid handterer kriseleiinga alle slike varsel. Utanom vanleg arbeidstid er teknisk vakt ansvarleg for varslingsmottak og eventuell vidareformidling.

Omsorgsberedskapsgruppa:

Omsorgsberedskapsgruppa			
Navn	Rolle	e-post	Mobil
Veddeng Torunn	Leiar Omsorgsberedskap	torunn.veddeng@sula.kommune.no	90171872
Vågnes Synnøve Molvær	Nestleiar Omsorgsberedskap	synnøve.vagnes@sula.kommune.no	99537527
Kroken Tør Arne	Omsorgsberedskap	tor.arne.kroken@sula.kommune.no	92285696
Snipsøy Ingild	Omsorgsberedskap	ingvild.snipsoyr@sula.kommune.no	98088248
Otterlei Berit Nesseth	Omsorgsberedskap	berit.nesseth.otterlei@sula.kommune.no	99390297
Engetrøen Astrid	Omsorgsberedskap	astrid.engetroen@sula.kommune.no	48178180
Standal Silje Johannessen	Omsorgsberedskap	silje.johannessen.standal@sula.kommune.no	91344605

Vedlegg 2: Evakueringsstadar, matleverandørar, transport

EVAKUERINGSSTADAR

Lokale	Merknad
Friheim	Kjøkken
Røde kors-huset	Kjøkken. Overnattingsmogelegheit.(tilfluktsrom)
Kølbuda/Kantina	Leverer mat
Langevåg bedehus	Kjøkken
Frikyrkja	Kjøkken
Lømyra	Kjøkken
LIL-tun	Kjøkken
Allheim	Kjøkken
Vegsund Rorbuer	Leverer mat. Har mogelegheit for overnatting.
Nausthaugen	Kjøkken
Skytterhuset	Kjøkken, Har mogelegheit for overnatting.
Sunde fjordhotell	Leverer mat. Har mogelegheit for overnatting, 19 rom
Rica Parken Hotell Ålesund	Kan ta imot større folkemengder dersom situasjonen krev det. Møre og Romsdal politidistrikt har eigen avtale med hotellet. Rekvirering gjerast av politiet.
Sula ride- og fritidssenter	8 rom som kan ta 2 senger kvar. Stor felles stue/kjøkken. Kafeteria med minst 50 sitteplassar. God toalettkapasitet. 2 garderober med 3 dusjar kvar.
Indre Sula kyrkje	Stort kjøkken, mogelegheit for overnatting. Har plass til bespising. (har tilfluktsrom)

MATLEVERING

Leverandør	Utval	Merknad
Ragnhilds Catering	Alt; Koldtbord, varm mat, tapas, marsipankaker, snitter, etc.	
Bentes Catering	Alt; Koldtbord, varm mat, tapas, marsipankaker, snitter etc	
Molvær senter	Kaker, kaffe landganger/baguetter	Leverer kaffe på kanne
Spar Langevåg	Koldtbordmat, varm mat	
Spar Eidsnes	Koldtbordmat, varm mat	
Kantina	varme og kalde rettar, kaker	
Sulatunet	Kaker, smørbrød	
Fergekaia, Langevåg og Sunde	Pizza, varme/kalde baguettar, anna kioskmat	
Pizzabakeren Langevåg (og Blindheim)	Ulike typer pizza levert varmt	Kan levere til arrangement med mange personar.
Soi One	Thaimat og burgere	
Thong Thai Takeaway og catering	Thaimat	

TRANSPORT

Leverandør	Tenester	Kontakt
Sula rutelag	Turbussar, kapasitet: 16 til 59 personar	Tlf 701 98 850/ 926 94 569
Ålesund taxi	Taxi, maxitaxi, handicaptransport	Tlf 70 10 30 00/ 70 17 07 00/ 464 12 611
Ring taxi	Taxi, maxitaxi	Tlf: 07012
MaxiTaxi	Maxitaxi, handicaptransport	Tlf: 90 90 80 00
Turistbussen	Minibusser, med og uten sjåfør	Tlf: 70 14 33 16
Olav Mindes venner	Minibuss, handicaptransport	
Frivillighets-sentralen	Minibuss	Tlf: 918 60 659
Fram	Bussar/ferge/hurtigbåt	Tlf: 71 28 01 00
Boreal	Ferger/hurtigbåt	Tlf: 91 55 58 88
Cruise-service	Hurtigbåtar	Tlf: 70 14 11 00
Vy	Bussar	Tlf: 40 70 50 70

Vedlegg 4: Mal situasjonsrapport

Mal for situasjonsrapport til overordnet myndighet ved hendelser er felles for alle sektorer. Strukturen i rapporten er delt inn i:

1. Situasjonsbilde

Hva har skjedd? Hvordan skjedde det? Hvor? Hvem? Utvikling av situasjonen (skill mellom verifisert og uverifisert informasjon), beskriv kritiske utfordringer.

2. Mediebilde og budskap

Kommunikasjonsutfordringer, bruk av kommunikasjonskanaler, mediehåndtering, ressursbehov for håndtering av informasjon/media

3. Tiltak som er iverksatt

Hvordan er situasjonen håndtert? Hvilke beredskapstiltak er iverksatt? Hvilken beredskapsorganisasjon er etablert? Hvilke ressurser er tilgjengelige?

4. Forventet utvikling

Hvilke konsekvenser kan situasjonen få for liv/helse, kritisk infrastruktur/kritiske samfunnsfunksjoner, miljø, sosial uro, økonomi etc.

5. Tiltak som vurderes iverksatt

Beskrivelse og vurdering av nye tiltak, inkludert beskrivelse av konsekvenser ved ikke å gjennomføre tiltaket, behov for samordning og koordinering, ressursbehov, behov for bistand fra/på overordnet/sentralt nivå.